

## Norsk-ambassadøren i Tsjekkia

Dag og Tid

7.6.2019

s. 24

**BRNO: Miluse Jurickova kom til Noreg som utvekslingsstudent i 1978. Åtte år seinare var ho leiar for norskstudiet på Masaryk-universitetet, og ho har omsett fleire norske romanar til tsjekkisk.**

Hilde Vesaas

– Skål, seier Miluse og løftar glaset med den gylne drikken mot meg.

– Vi treng litt medisin denne kalde dagen.

Brennevinet varmer godt, og eg spør kva det heiter. Det er då eg lærer det eine av dei to tsjekkiske orda som sit att i hovudet etter dagane i Brno.

Miluse Jurickova og eg ventar på maten på ein tradisjonsrik *kaverna* i eit av dei mange funkishusa i den betre delen av Brno. «Brnos Frogner», kallar Miluse området. Brno (Brünn på tysk) er Tsjekkias nest største by og ein like viktig studiestad som hovudstaden Praha. Universitetslektoren har teke på seg å vere guide under besøket mitt her, slik ho har vore for mange besøkande nordmenn. Dei kjem hit for å halde gjesteførelingar på universitetet og for å halde kontakten med Miluse Jurickova, som er dosent i norsk på Masaryk-universitetet i Brno og har gjort meir enn nokon annan for norsk kultur og litteratur i Tsjekkia dei siste åra.

### **Bjørnson-park**

Brno er vel heller ukjend for nordmenn flest, mens det er heilt annleis andre vegen. Her har Bjørnstjerne Bjørnson fått sin eigen park, og norsk språk og litteratur er eit populært studium, noko det har vore i fleire tiår. Studentane les Hamsun og Vesaas og tar doktorgradar på norske dialektar.

Brno har vore ein viktig stad både kulturelt og industrielt i fleire hundreår og er den største byen i området Moravia (Mähren på tysk), som utgjer omtrent ein tredel av dagens Tsjekkia. Men området har hatt sivilisasjon langt, langt tilbake. Like utanfor Brno fann dei den eldste keramikkfiguren i verda, «Venus av Dolní Věstonice», som kan vere 25.000 år gamal. Frå slutten av 1700-talet og utover på 1800-talet var det ei rivande industriutvikling innan tekstil i byen, særleg ull. Brno vart kjent som «Austerrikes Manchester».

Snart vart byen også ein av Mellom-Europas viktigaste studiestader, og han husar i dag 100.000 studentar. Den tekniske høgskulen her har lange tradisjonar og stor prestisje. Frå slutten av 1800-talet og framover var far til den kjende romanforfattaren Robert Musil professor og rektor her, forfattaren sjølv var student. Masaryk-universitetet feirar hundreårsjubileum i år. Namnet har dei etter Tsjekkoslovakias landsfader og første president, Tomáš Garrigue Masaryk, som styrte republikken frå 1920–1935. Han skal ha hatt ei særskild interesse for nordisk – og særleg norsk – litteratur og kultur.

Ein noko yngre kjend forfattar frå Brno er Milan Kundera, som fyller 90 år i år. Romanen og filmatiseringa av *Tilværelsens uutholdelige letthet* gjekk sin sigersgang over den vestlege verda på slutten av 1980-talet, også i Noreg. I det austlege Europa var dei tvert imot ikkje særleg glad i Kundera. Dei fordømde verka

hans og jaga forfattaren i eksil. I dag reknar han seg ikkje lenger for tsjekkisk, men fransk.

### **Brnos berømte jødar**

Brno er på storleik med Oslo. Miluse og eg traskar gjennom byen, og vi tek trikk. Det regnar lett og er kjølig denne aprildagen, men trea i hagane og parkane har fått grønne blad og blomsterknoppar i rosa og gult. Brno har ei blanding av eldre byggar frå 1800-talet og modernistiske bygg. Delar av byen er prega av lett forfall, typisk nok bur det mange romar her.

Både Miluse og eg er interesserte i historia til nokre av jødane som budde i Brno før den andre verdskrigen. Jødane her var assimilerte og sekulære tysktalande jødar, ein del av dei særst velståande og ressursrike. Då nazistane okkuperte Tsjekkoslovakia, hadde dei ikkje anna val her enn andre stader – å emigrere eller flykte. Somme fekk hjelp av den norske organisasjonen Nansenhjelpen, leia av Odd Nansen. Den kjende legen og professoren Leo Eitinger var mellom dei, han budde i Noreg til han døydde i 1996. No får eg sjå huset der han budde på hybel då han var ung student i Brno. Bygarden ligg like ved huset til ein annan familie som til liks med Eitinger fann ei trygg hamn på Nesjestranda ved Molde i nokre månader: familien Lustig.

Det er likevel eit anna hus som er den store attraksjonen i Brno. Frå heile verda kjem arkitektinteresserte for å sjå Villa Tugendhat, og ein må tinge plass fleire månader på førehand. Huset vart bygt for den velståande familien Tugendhat i 1928–30, og arkitekten var Mies van der Rohe (1886–1969), som inspirerte vår eigen Arne Korsmo. Den rektangulære villaen med dei store glasflatene blir rekna for noko av det ypparste innan den funksjonalistiske arkitekturen. Den jødiske familien Tugendhat fekk ti år i villaen før dei måtte flykte frå nazistane. Villaen er også i nyare tid tett knytt til Brnos og Tsjekkias historie. Det var her dei sat og fann ut av saker og ting sommaren 1992, då republikken Tsjekkoslovakia skulle bli til dei to statane Tsjekkia og Slovakia.

Miluse og eg går rundt i hagen som har fin utsikt over Brno.

### **Draumen om Noreg**

#### **– Kva er det med deg og Noreg?**

Eg prøver å få greie på det etter at vi har ete den gode fisken dei serverer oss på restauranten, og Miluse fortel: Ho kom til Noreg på eit utvekslingsstipend i 1978, då var ho tidleg i tjuetåra. Det var svært sjeldan å få reise ut av Tsjekkoslovakia på den tida. Å kome til Vesten frå eit land under jernteppet var eit kultursjokk, og møtet med landet vårt endra henne for alltid: Oslo med folkelivet og dei glade menneska. Naturen og dei sterke landskapa. Dei demokratiske tradisjonane. Noreg sleppte ikkje taket på henne. Det vart studiar i skandinaviske språk med vekt på norsk. Frå 1986 har ho vore leiar for norskstudiet på Masaryk-universitetet. Interesse for å studere norsk held seg stabil her og er større enn i Praha. Dosenten har altfor mykje å gjere, og ho håpar og trur at dei skal få ein sendelektor i norsk. Miluse er fødd og oppvaksen i Brno, i 1950- og 60-åra. Mor hennar var av tysk ætt og opplevde at heile familien måtte forlate Tsjekkoslovakia etter andre verdskrigen. Dette er ein del av historia til landet som det framleis blir snakka lite om. Mange hundre tusen tyskætta hadde halde til her i generasjonar, Tsjekkia var heimen deira.

Etter verdskrigen skulle alt tysk ut og vekk. Dei tysktalande flykta til Austerrike og Tyskland etter å ha blitt jaga ut på brutalt vis. Dette ramma paradoksalt nok også nokre av jødane fordi dei var tysktalande. Tvillingane Hans og Fritz Lustig forsøkte å busette seg i Brno på nytt etter krigen, men kjende seg ikkje velkomne.

Ektemannen til Miluse, Helmut, var òg ein av desse tyskætta. Han sat i konsentrasjonsleirar under krigen, og i stalinisttida vart han fengsla for fem nye år.

– Han var «mannen mot straumen», seier ho.

Helmut døydde i 1988. Sidan har ho levd aleine, og vore vigd til arbeidet på universitetet og den store innsatsen for å gjere norske forfattarar kjende for tsjekkiske lesarar. Ho har forska på og omsett mellom andre Sigrud Undset, Hanne Ørstavik og Thorvald Steen. Norsk litteratur gjer det svært godt i Tsjekkia, og slik har det vore lenge, med fleire titals titlar i året. To gonger har Miluse møtt kong Harald i audiens og motteke fortjenesteordnar for arbeidet ho har gjort for norsk litteratur og kultur.

Ho held stadig tett kontakt med Noreg. Dei norske venene hennar har ei heilt særeiga tyding for henne. Om lag to gonger i året tar ho turen. Gjennom åra har ho sett korleis rikdomen har endra landet og verdiane våre.

– Kva skjer med likskapstanken? Dugnadsånda?

Ho uroar seg for kvar Noreg er på veg.

### **Menneskerett å bli**

På universitetet treffer eg om lag tjue av Miluses studentar. Dei er blide, interesserte og vil gjerne snakke.

Eg prøvar meg her òg:

#### **– Kvifor norsk?**

Eg får litt ulike svar. Alexandra Kotuliakova drog til Gjøvik som utvekslingsstudent. Ei anna ung tsjekkisk kvinne seier ho vart så fascinert av norske og skandinaviske idrettsutøvarar at ho måtte lære meir om språket og landet vårt, oppleve naturen vår.

For fleire av dei er det likevel norsk og nordisk krim som har lokka dei til å studere tungemålet vårt.

– Det må då vere krevjande, spør eg, som enno ikkje har greidd å lære meg eit einaste ord tsjekkisk.

#### **– Kva er det vanskelegaste?**

– Preposisjonar og ordstilling, svarar fleire av dei.

#### **– Og kva vil de så med norsken?**

– Omsetje. Tolke. Reise, reise meir!

Fleire av dei har vore på sommarskule i Bergen og Kristiansand og lengtar attende.

Tomas Bratina, opphavleg slovak, har større ambisjonar. Han tar doktorgrad på samisk påverknad på norske dialektar, og ser for seg ein karriere ved universitetet.

Pavel Priban har ei litt anna historie. Han drog som gardsarbeidar til Noreg og budde på ein gard i Buskerud i halvtanna år. Etter det har det norske vore ein del av livet, og han jobbar no både som assistent på universitetet og for eit firma som har eit utstrekt samarbeid med Noreg.

– Nordmenn må heller besøke Brno enn Praha, meiner han, skal dei sjå det ekte Tsjekkia. Hovudstaden er blitt for turistifisert.

Som Miluses assistent følger han meg til ein god restaurant og sørgjer for at eg får ein tradisjonell tsjekkisk lunsj, det vil seie eit solid måltid med mykje kjøt og saus og med små, velsmakande komler til.

Det er alltid kjekt å treffe studentar, og særleg slike som snakkar flytande norsk i eit framandt land. Dei ser ut til å vere på god veg mot det som vel må vere det eigentlege målet for alle studium: danning. Eller som Bjørnson sa det: «menneske rett å bli».

Når eg reiser frå Brno og tek farvel med Miluse og studentane og Brno, er det ikkje med ein ny sup av gyllen *slivovitz* , men med det andre tsjekkiske ordet eg lærte meg: *Dekuji* . Takk.